

OPERASJON

I TARM ELLER ENDETARM



HELSE BERGEN
Haukeland universitetssjukehus

KJÆRE PASIENT

Velkommen til Avdeling for gastro- og akuttkirurgi. Dette er informasjon til deg som er operert på grunn av svulst i tarm eller endetarm.

OPERASJON I TARM

Tarmen vår består av to delar, tynntarm og tjukktarm. Oppgåva til tynntarmen er å ta opp næring. I tjukktarmen blir det tatt opp væske slik at avføringa blir forma.

Operasjon blir utført for å fjerne svulsten og legen vil forklare deg kva som er gjort under operasjonen.


Ulike operasjoner:

1. Tynntarmsreseksjon (fjerne delar av tynntarm).
2. Høgresidig hemicolectomi
(fjerne delar av tjukktarm på høgre side).
3. Transversumreseksjon (fjerne midtre del av tjukktarmen)
4. Venstresidig hemicolectomi
(fjerne del av tjukktarm på venstre side).
5. Låg fremre rektumreseksjon (fjerne ein del av endetarmen)
6. Rectumamputasjon(fjerne endetarm).

STOMI

Har du fått utlagd tarm (stomi), vil du lære å stelle stomien før heimreise. Du får innkalling til stomiklinikken om lag tre veker etter du er reist heim, for vidare oppfølging hos stomisjukepleiar.

ILLUSTRASJON AV MAGE OG TARM



KONTAKT LEGE

Ta kontakt med lege dersom du får nokre av desse symptomata:

- feber
- du får meir vondt
- det siv væske frå såret
- huda rundt såret blir raud

STING

Operasjonssåret er lukka med stiftar (agraffar) eller sting. Dei må takast ut tolv til fjorten dagar etter operasjonen. Dersom du er utskrivne frå sjukehuset på den tida, må du sjølv avtale time hos legen din for å få fjerna sting eller stiftar.

SMERTE

Det er vanleg å få smerter etter operasjonen. Smertene vil bli svakare i løpet av dei første par vekene. Dei fleste har nytte av paracetamol og klarar seg med det etter nokre dagar. Dei som har behov for sterkare smertestillande får resept før heimreise.

AKTIVITET

Det gjer godt for kroppen at du er i aktivitet etter operasjonen. Du kan vere aktiv i korte økter den første tida og deretter gradvis auke aktiviteten. I brosjyren frå fysioterapeuten finn du øvingar som passer for deg.

HYGIENE

Du kan dusje frå tredje dag etter operasjonen. Ta alltid på ny bandasje etter du har dusja. Du må ikkje bade i badekar eller symjebasseng dei tre vekene etter operasjonen.



www.colorbox.com

MAT OG DRIKKE

Du kan ete vanleg mat og drikke. Det er viktig å få i seg næringsrik mat etter operasjonen.

Er du operert i **tynntarmen** er den delen av tarmen som tek opp næring kortare enn tidlegare. Difor er det ekstra viktig at maten du et er sunn med høgt næringsinnhald.

Har du fått fjerna store delar av **tjukktarmen** kan det vere at tarmen ikkje tek til seg nok væske og avføringa er laus. Då er det viktig å drikke mykje. Dersom det er behov for å bruke stoppende medisin må det skje i samråd med lege.



ANTIBIOTIKA

Dersom du brukar antibiotika bør du ikkje drikke alkohol fordi det reduserer effekten av antibiotikakuren.

www.colorbox.com

OPPFØLGING

Du vil få time til kontroll hos ein av kirurgane som opererte deg eller hos fastlegen. Dette får du vite meir om før du blir skriven ut frå sjukehuset. Vi sender brev til fastlegen din der vi informerer om sjukdommen din og kva som er gjort under operasjonen. I mellomtida må du vere merksam på komplikasjonar etter operasjonen, og følgje anbefalingane ovanfor.

NOTAT

KONTAKTINFORMASJON

Telefon ekspedisjon Kirurgisk klinikk: 55 97 28 42

Telefontid 09.00-11.00

Når du ringjer ekspedisjonen 55 97 28 42 får du fire val som fører deg til den poliklinikken du vil ha kontakt med.

Etter kl. 16.00 og i helg ta kontakt med

Avdeling for gastro- og akuttkirurgi

Sengepost 1: 55 97 34 00

Sengepost 3: 55 97 35 03

Du var innlagd ved sengepost:.....



KONTAKTINFORMASJON

Kirurgisk klinikk, poliklinikk, ekspedisjon:

Telefon 55 97 28 42.

Avdeling for gastro - og akuttkirurgi

Sengepost 1: Telefon 55973400

Sengepost 3: Telefon 55973503

www.helse-bergen.no

Haukeland universitetssjukehus

Telefon: 05300